

Tokke kommune
v/Gunhild Austjord
Storvegen 60
3880 Dalen

24. februar 2020

Igangsetting av reguleringsplan arbeid på del av gnr. 120 bnr. 3 ved Dalåi i Modalen, Tokke kommune. Vurdering av om planarbeidet krev konsekvensutgreiing.

Bakgrunn

Grunneigar Tor Eikeland Lunde fekk i 2013 godkjent Detaljplan for masseuttak/-deponi på del av gnr. 120, bnr. 3 ved Dalåi. Etter nokre år ser han nå at det er meir masser som grenser inn mot dagens plan som er interessante for masseuttak.

Planstatus

I kommuneplanens arealdel, vedtatt 13.09.2005, er området regulert til LNF område. Tidlegare reguleringsplan regulerer dalar av området til masseuttak/-deponi.

Vurdering av krav til konsekvens utgreiing

Kapittel 2 i forskrift om konsekvensutgreiingar bestemmer kva tiltak som skal konsekvensutgreiast. Tiltaket er vurdert å kome under §8 *Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn.*


a) Reguleringsplan for tiltak i vedlegg II (2a Mineraluttak). Unntatt frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen.

Opplysningar om tiltaket (§9)


- a) Det planleggast ei utviding av eksisterande regulert område på om lag 25 daa. Utvidings arealet strekker seg sør og austover frå eksisterande plan, i mellom Gransheradvegen og Dalåi. Det skal takast ut lausmasser, om ein skulle treffe på fjell som er drivverdig opnast det og for uttak av fastfjell.
- b) Ein gjennomgang av Naturbase, artsdatabanken og Kilden syner ingen registreringar innafor eksisterande planområde eller utvidingsområdet. Nve-atlas syner at område ligg innafor område for verna vassdrag Dalåi. Vernet omfattar vern mot ytterlegare kraftutbygging og friluftssinteresser til særleg dei øvre delane av vassdraget.

Ein kan på grunnlag av dette ikkje sjå at tiltaket vil påverke miljøverdiar vesentleg.


Under er kartutsnitt frå dei forskjellige basane med skissert planområde.




Utsnitt frå naturbase, planområde i blått.




Utsnitt frå Artsdatabanken, planområde i blå ring



Utsnitt frå Kilden,nibio, bonitetskart



Utsnitt frå kilden, nibio, MiS registrering.



Utsnitt frå Nve-atlas, blålinje er ytterkant vassdragsvern.

- c) Det forventast ikkje vesentleg verknad som følgje av reststoff, utslepp og produksjon av avfall. Arealet nærmast Dalåi vil ikkje bli bruka men stå urørt som ei sikring av området mot evt. flaum og som vern mot avrenning til åa. Topplag og anna skrap masse vil leggest til side til bruk ved istandsetting av området. Tiltaket vil ikkje produsere store avfallsmengder og må følgje forureiningsforskrifta.
- d) Forventa verknad som følgje av bruken av naturressursar. Tiltaket vil føre til ei landskapsendring som følgje av uttak av masser. Område i seg sjølv er relativt lite og vil i liten grad påverke omgjevnadane. På motsett side av elva pregar Kommunalveg, Modalen, området og det er ein plass med fast busetnad nær austenden av planområdet på den sida. Uttaket vil gje mindre skogbruksareal, men mykje av dette arealet er bratt og vanskeleg og drive. Det er ingen naturressursar med spesiell verdi innafor eller tett på planområdet.

Kriteriar for vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn (§10)

Egenskaper ved planen/tiltaket

- a) Totalt er området med eksisterande og nytt areal om lag 56 daa. På toppen av området er det ei lita flate, og langs åa er arealet flatt. Resterande areal heller bratt mot Dalåi. Vestre del av området er masseuttak og deponi for reine masser i dag, resten av arealet er skogkledd. Dalåi renn langs nordkant av planområdet og kommunalveg går på motsett side av denne.

- b) Bruken av naturressursar i planområdet vil omfatte skogareal som omdisponerast til masseuttak. Denne skogen ligg i til dels bratt lende som er dyrt å drive. Lausmassekart frå NGU syner at det er tykk morene i området, det er ikkje registrert i ressurskart for grus og pukk. Berggrunnen i området består av grønstein og grønskifer, omdanna basisk lava og tuff (Bandaksgruppen).
- c) Det leggst ikkje opp til avfallsproduksjon frå masseuttaket. Ein må pårekne at det under gitte forhold kan bli noko støv. Masseuttak må forhalda seg til forureiningsforskrifta.
- d) Ein ser ikkje at det er potensiale for alvorleg ulykke /katastrofe som følgje av tiltaket. Det vil gis føresegner i høve til skråningsvinklar og avstandar og sikringstiltak rundt uttaket. Tiltaket er eit middelsuttak i eit område med relativt lite trafikk og vil såleis ikkje gje stor påverknad på samfunnet.

Vurdering av om lokalisering og påverknad på omgjevnadane gjer at tiltaket kan medføre eller kome i konflikt med:

- a) Verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte arter, verna vassdrag, vedtak etter kulturminnelova: *Sjekk i tilgjengelege databasar syner at arealet ligg innafor område for verna vassdrag Dalåi, elles ingen registreringar. Tyngda av vernegrnlaget er knytt til dei høgare liggande delane av vassdraget, som tidlegare nemnt..*
- b) Trua artar/naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne/-miljø, viktige mineralressursar eller områder som er særleg viktig for friluftsliv: *Databasane syner ingen treff på desse punkta.*
- c) Statlege planretningslinjer, statlege planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhald av PBL av 27.06.2008 nr. 71 eller RPR gitt i medhald av PBL av 14.06.1985 nr.77: *Ein ser ikkje at det er konflikt med nokre av desse statlege føringane.*
- d) Større omdisponering av områder av sett til LNF formål eller områder som er regulert til landbruk og har stor betydning for landbruksverksemd: *tiltaket vil nytte eit skogareal som elles ville vore dyrt å drive. Det totale arealet av tiltaket er relativt lite, og byggar vidare på tidlegare godkjent plan.*
- e) Økt belastning der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskriden. *Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil gje økt belastning.*
- f) Konsekvensar for befolkningas helse, som fylgje av vatn- eller luftforureining. *Det er få fastbuande nær tiltaket og tiltaket legg ikkje opp til mykje forureining.*
- g) Vesentleg forureing eller klimagassutslepp. *Tiltaket legg ikkje opp til større utslepp eller forureining.*
- h) Risiko for alvorleg ulukke som fylgje av naturfarar som ras, skred eller flaum. *Tiltaket ligg innfor aktsamheitsområde for alle kategoriar av ras, skred og flaum. Ein ser allikvel ikkje at det er potensiale for alvorleg ulukke, da arealet ikkje er veldig stort og det vil vere ei drift som kan tilpassast ut i frå periodar med større fare potensiale. Vurderingar i høve dette vil vere ein del av planarbeidet.*

Samandrag

Ut i frå dei funna ein har gjort i dei forskjellige databasane og tiltakets størrelse og omfang, samt at det tidlegare er godkjent plan for masseuttak og deponi på delar av området, synes ikkje planen å ville få vesentleg verknader for miljø- og samfunn ut frå kriteria i forskriftas § 10. Ut i frå vurderinga av aktuelle tema synes det ikkje nødvendig med konsekvensutgreiing i denne saka.

Med helsing
for AT skog

Mona Gundersen
Arealplanlegger

Vedlegg:
Kart med planavgrensing